

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Fjaler kommune

Utval: Kontrollutval - Fjaler kommune
Møtedato: 28.05.2013
Møtetid: 08.30
Stad: Møterom 334
Møtenr.: 2/2013
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet, revisor i sak 012/13 og 013/13, rådmann i sak 012/13 og 013/13.

Melding til: Ordførar (møterett), KRYSS-revisjon (møterett) og varamedlemer.
(Varamedlemer møter etter nærare innkalling).

Dersom du ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762, eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

010/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
011/13 Skriv og meldingar.
012/13 Årsrekneskapen 2012 – Fjaler kommune.
013/13 Rekneskap 2012 – Dingemoen idrettspark driftsselskap.
014/13 Val av eining til orientering i kontrollutvalet.
015/13 Utforming av tinging – Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Rutinar rundt sjukefråvær».
016/13 Oppfølgingsliste 2-2013 – Fjaler.
017/13 Eventuelt.

Fjaler 23.05.2013.

Magne Norddal
- Leiar -


Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

010/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.05.2013	010/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

011/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.05.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.05.2013	11/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyet	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 10-13 Vedtak kst sak 17/13 Kontrollutvalet - Årsmelding.
- SM 11-13 E-post frå KRYSS-revisjon til SEKOM-sekretariat – Ang. forvaltningsrevisjonsprosjekt «Sjølvkostberekningar VAR sektoren – Fjaler», datert 5. mars 2013
- SM 12-13 E-post frå SEKOM-sekretariat til KRYSS-revisjon – Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Sjølvkostberekningar VAR sektoren – Fjaler kommune», datert 5. mars 2013.
- SM 13-13 Tilsynsrapport frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane – «Vaksne sin rett til opplæring, Fjaler kommune 2012, datert 25. februar 2013
- SM 14-13 Kontrollrapport frå Skatt vest til kommunestyret i Fjaler kommune - Kontrollrapport 2012 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen for Fjaler kommune, datert 15.02.2013.
- SM 15-13 Vedtak kst sak 16/13 Referatsaker.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 10-13



**FJALER
KOMMUNE**

Kontrollutvalet - Årsmelding 2012

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m. Kommunestyret	Møtedato 18.03.2013	Saksnr 017/13	Saksansvarleg OLH
Arkivsaknr 13/142	Sakshandsamar Ola Hovland	Arkiv K1-210	

KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Fjaler kommune vert godkjend.

18.03.2013 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM-017/13 VEDTAK:

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Fjaler kommune vert godkjend.

Trykte vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	12.02.2013	Sekom sekretariat	Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet, Sak 006-13

SAKSUTGREIING:

Saksutgreiing går fram av vedlegget, som er kontrollutvalet si sak 006/13 med vedlegg.

Fra: Litsheim Charles

Sendt: 5. mars 2013 10:13

Til: Tveit Asgeir

Emne: Ang forvaltningsrevisjon i Fjaler kommune "Sjølvkostberekninger på VAR - sektoren"

SM 11-13

God morgon

I samband med forvaltningsrevisjonsprosjektet i Fjaler kommune registrerar eg at problemstilling 4 ikkje er mogleg å bruke slik det står i tingingsdokumentet. Fjaler kommune har ikkje ei rutinehandbok med nemninga Kredittpolitikk og fakturering.

Kan eg ta ut dette kulepunktet i tinginga ? Evt korleis skal eg forholde meg til akkurat dette punktet ?

Slik eg ser det kan kulepunktet også fint besvarast frå våre rekneskapsrevisorar ved Hyllestadkontoret, som har dagleg oppdatert kunnskap om fagfeltet.

Ber om attendemelding Asgeir.

Elles reknar eg med at eg kan sende ut eit høyringsutkast i løpet av veka.

Når det gjeld prosjektet i Gaular (Innkjøp) har eg ikkje endå motteke anna enn førebels svar frå rådmannen.

Med beste helsing

Charles Litsheim

Rev.sjef forvaltning

mob: 91333046

e-post: Charles.litsheim@kryssrevisjon.no

SM 12-13

Øvrebø Vidar

Fra: Øvrebø Vidar
Sendt: 5. mars 2013 14:25
Til: charles.litsheim@kryssrevisjon.no
Kopi: terje.forde@kryssrevisjon.no; Tveit Asgeir; Magne Norddal (mnordda@online.no)
Emne: Forvaltningsrevisjonsprosjekt "Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren" - Fjaler kommune

Charles,

Viser til din e-post av 5. mars og dagens telefonsamtale der vi diskuterte problemstillingane i forvaltningsrevisjonsprosjektet "Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren" - Fjaler kommune.

Det viser seg at fjerde kulepunkt ikkje er ei aktuell problemstilling i Fjaler og kommune, då Fjaler kommune ikkje har rutinehandbok for «Kredittpolitikk og fakturering». Dette tok eg opp med KU leiar i Fjaler.

I samtale med KU leiar, kom det fram at han ynskte at faktureringsrutinar fortsatt skulle vere ein del av problemstillinga, men at ordlyden i fjerde kulepunkt vart endra. Vi blei einig om at ordlyden i fjerde kulepunkt vert dra til: «*Vert utfakturering av gebyra utført etter eit fast tidsmønster?*». Dette kulepunktet var ein del av problemstilling i tilsvarande prosjekt i Gaular.

Er det noko som er uklart rundt endringa, ver venleg å ta kontakt.

Med helsing

Vidar Øvrebø
Dagleg leiar

SEKOM-sekretariat

Mobil: +47 95139762
vidar.ovrebo@sekom.no

SEKOM Sekretariat
Hafstadvegen 21
P.O. Box 338
6802 Førde
Tlf 57 82 02 00

Sm 13-13



FYLKESMANNEN

I SOGN OG FJORDANE

TILSYNSRAPPORT

Vaksne sin rett til opplæring

Fjaler kommune

2012

Innhald

1. Tema.....	3
2. Målsetting	3
3. Gjennomføring.....	3
4. Rettslege krav	3
5. Kontrollspørsmål.....	4
6. Observasjon og vurdering	5
7. Konklusjon	5
Vedlegg	7

1. Tema

Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunar og fylkeskommunar oppfyller dei pliktene dei er pålagde i eller i medhald av opplæringslova, jf. § 14-1.

Utdanningsdirektoratet har fastsett at m.a. vaksne sin rett til opplæring er eit prioritert område for regionalt tilsyn i 2012. Tema for dette tilsynet er om skuleeigar oppfyller plikta til å gi vaksne opplæring etter opplæringslova kapittel 4A. Som ein del av dette skal det kontrollerast om skuleeigar har etablert og sett i verk eit forsvarleg system for å sikre at vaksne får oppfylt rettane sine, jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd.

2. Målsetting

Det overordna målet med tilsyn etter opplæringslova kapittel 4A er å sikre at målgruppa får det tilbodet dei har krav på etter lova. Vaksne med rettar etter kapittel 4A skal få høve til å skaffe seg grunnleggjande dugleikar, eller oppnå fullført grunnopplæring som basis for vidare skulegang. Tilsynet skal bidra til at tilstanden i sektoren er i samsvar med krava i regelverket.

3. Gjennomføring

I dette tilsynet er det innhenta skriftleg utgreiing og dokumentasjon frå kommunen som grunnlag for å vurdere om skuleeigar fyller lovkrava som gjeld for tilsynstemaet. Tilsynet inneber at tilsendte dokument blir gjennomgått og vurderte i forhold til lovkrava i opplæringslova og forvaltningslova.

Fylkesmannen gjer merksam på at tilsynsrapporten ikkje gir ei heilskapsvurdering av kommunen sitt tilbod for vaksne. Rapporten omhandlar berre resultat frå områda som har vore tema i det spesifikke tilsynet.

Tilsyn kan resultere i pålegg. Det blir gitt pålegg dersom det blir avdekka lovstridige forhold. Eit pålegg inneber at forholdet må utbetrast snarleg slik at forholda er i samsvar med aktuelle lovreguleringar, jf. kommunelova kapittel 10A.

Framdrift:

- ✓ Varsel om tilsyn 16.07.2012.
- ✓ Frist for innsending av utgreiing og dokumentasjon 22.10.2012.
- ✓ Tilsynsrapport 19.12.2012.

4. Rettslege krav

Opplæringslova kapittel 4 A

Vaksne sin rett til opplæring er tatt inn i opplæringslova og forskrift til opplæringslova. Kapittel 4 A, *Opplæring spesielt organisert for vaksne*, vart lagt til ved lov i 2000, men enkelte reglar vart ikkje sette i verk før i 2002. § 4A-1 regulerer retten til grunnskuleopplæring for vaksne, og § 4A-3 regulerer retten til vidaregåande opplæring for vaksne. Etter § 4A-4 er det kommunen som har plikt til å sørge for

grunnskuleopplæring for vaksne, og fylkeskommunen som har plikt til å sørge for vidaregåande opplæring for vaksne.

For å ha rett til grunnskuleopplæring må ein oppfylle tre vilkår: ein må vere over opplæringspliktig alder (jf. § 2-1), ein må ha behov for grunnskuleopplæring, og ein må ikkje ha rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1. Vaksne har berre rett til opplæring i dei faga dei treng for å få vitnemål for fullført grunnskuleopplæring. Opplæring og undervisningsmaterieil skal vere gratis for vaksne i grunnskulen, jf. § 4A-1 andre ledd.

Vaksne med rett til grunnskuleopplæring etter § 4A-1 som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet for vaksne, har rett til spesialundervisning, jf. § 4A-2.

Opplæringslova § 13-10

Opplæringslova § 13-10, andre ledd, stiller krav til skuleeigar om å ha eit forsvarleg system for å vurdere og følge opp at krava i opplæringslova og forskrifter til opplæringslova vert følgde. Dermed skal også krava til opplæring organisert for vaksne bli ivaretekne gjennom eit forsvarleg internkontrollsystem.

I forarbeida til § 13-10¹ heiter det mellom anna:

- Systemet skal vere eigna til å avdekke eventuelle forhold som er i strid med lov eller forskrift.
- Systemet skal sikre at det vert sett i verk adekvate tiltak der det er nødvendig.
- Eit forsvarleg system føreset jamleg resultatoppfølging og vurdering av om lovverket vert etterlevd.
- Skuleeigarane står fritt til å utforme sine eigne system tilpassa lokale forhold.

5. Kontrollspørsmål

Fylkesmannen sitt tilsyn med vaksne sin rett til opplæring baserer seg på felles nasjonal tilsynsinstruks utarbeidd av Utdanningsdirektoratet.² For å kontrollere at vaksne får det tilbodet dei har krav på etter lova, fokuserer instruksjonen på følgjande kontrollspørsmål:

- Har skuleeigar rutinar for inntak til opplæring for vaksne som søker på grunnlag av vaksne sin rett til opplæring i opplæringslova kapittel 4A?
- Følgjer saksbehandlingen om inntak forvaltningslova?
- Vert opplæringa tilbydd innan rimeleg tid?
- Har skuleeigar meir enn eitt inntak til opplæring for vaksne per år?
- Vert det gitt konkret opplæring?
- Blir alle vaksne som tek imot opplæring vurdert? Det må kontrollerast at vurdering finn stad.
- Er opplæringa og opplæringsmaterialet gratis?

¹ Ot. prp. nr. 55 (2003- 2004) *Om lov om endringar i opplæringslova og friskolelova*, kapittel 6.1.

² *Tilsynsinstruks for prioritert område 2012*, versjon 2, Utdanningsdirektoratet 02.01.2012.

- Får dei vaksne elevane dokumentert den gjennomførte opplæringa?
- Blir vaksne med rett til vidaregåande opplæring realkompetansevurdert?
- Blir realkompetansevurderinga dokumentert skriftlig?
- Oppfyller kommunen plikta til å tilby spesialundervisning når ein vaksen oppfyller vilkåra i § 4A-2?

6. Observasjon og vurdering

Delegasjonsreglementet for Fjaler kommune stadfester at vaksenopplæringa i Fjaler kommune er delegert frå rådmannen til rektor ved Fjaler ungdomsskule.

Fjaler kommune har ca. 2 850 innbyggjarar. Kommunen opplyser at dei har god oversikt over innbyggjarar som gjennom åra har gjennomført grunnskulen. Gjennomføringa er hundre prosent og kommunen har ikkje registrert nokon som oppfyller retten til opplæring etter kapittel 4A i opplæringslova, med unntak av sju vaksne med psykisk utviklingshemming som kjem inn under § 4A-2. Fjaler kommune gjer merksam på at kommunen tidlegare år har sett opp plakatar på ulike plasser med informasjon om vaksenopplæringa og det har vore sendt ut eigen informasjonsfoldar til alle husstandar. Men likevel resulterte ingenting av dette i meldt interesse for grunnskuleopplæring for vaksne.

Informasjon om grunnskuleopplæring for vaksne er i dag publisert på kommunen si heimeside. I tillegg vert det minna om retten til vaksenopplæring kvart år i august månad i spalta «Nyhende» på nettsida. Kommunen si informasjonsavis *Brua* har òg fast informasjon om vaksne sin rett til opplæring.

Fjaler kommune opplyser at kommunen i nokre tilfelle har gjeve grunnskuleopplæring til framandspråklege, sjølv om dei det gjaldt ikkje hadde lovfesta rett til slik opplæring. Det er ingen vaksne som får grunnskuleopplæring i dag. Men kommunen har sju personer som får spesialundervisning etter opplæringslova § 4A-2. Dette er vaksne med psykisk utviklingshemming som får tilrettelagt opplæringstilbod ved Vevang dagsenter. Fjaler kommune har dokumentert (to) anonymiserte sakkunnige tilrådingar frå PPT, aktuelle vedtak om spesialundervisning og individuelle opplæringsplanar.

System for oppfølging (internkontroll) er omtalt i *Tilstandsrapport for grunnskulen i Fjaler 2011*, datert 11. januar 2012. Fylkesmannen minner om at opplæringslova § 13-10 også betyr at all opplæring organisert for vaksne blir tatt i vare gjennom eit forsvarleg internkontrollsystem og derfor skal følgjast opp med omtale og vurdering i kommunen sin tilstandsrapport.³

7. Konklusjon

I dette dokumenttilsynet har Fylkesmannen ikkje avdekka lovstridige forhold. Denne konklusjonen er basert på tilgjengelege dokument på tidspunktet for tilsynet. Fylkesmannen tek atterhald om eventuelle forhold som ikkje er avdekka og at status kan

³ Jf. kapittel 4 *Rettslege krav* på side 4 i denne rapporten.

vere endra etter gjennomføringa av tilsynet. Utan negative funn vert tilsynet avslutta med denne rapporten.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, 25. februar 2013.

Helge Pedersen

Frans Jacob Krebs

Vedlegg

Dokumentunderlag for tilsynet

- ❖ *Innsending av dokumentasjon om vaksne sin rett til opplæring.* Fjaler kommune, 16.10.2012.
- ❖ *Reglement for delegasjon av mynde frå rådmannen.* Fjaler kommunestyre, 11.05.2009.
- ❖ *Organisasjonskart for Fjaler kommune.* Ajour per 01.08.2012.
- ❖ *Grunnskuleopplæring for vaksne.* Fjaler kommune sin heimeside, 15.10.2012.
- ❖ *Sakkunnig vurdering om spesialundervisning på grunnskulens område (opplæringslova § 4A-2) for skuleåret 2010/2011, 2011/2012, 2012/2013 for [...].* Anonymisert uttale frå Pedagogisk psykologisk teneste for Ytre Sogn og Sunnfjord, datert 01.03.2010.
- ❖ *Vedtak om spesialundervisning for skuleåra 2010/11 – 2012/13.* Anonymisert vedtak frå Fjaler kommune, Bistand og Omsorg, datert 15.03.2010.
- ❖ *Individuell opplæringsplan (IOP) Vaksenopplæring Skuleåret 2012/2013 Vevang dagsenter.* Anonymisert IOP, datert Vevang dagsenter 06.08.2012.
- ❖ *Sakkunnig tilråding om spesialundervisning på grunnskulens område (oppl.l. § 4A-2 for skuleåret 2010/2011, 2011/2012 og 2012/2013 for [...].* Anonymisert uttale frå Pedagogisk psykologisk teneste for Ytre Sogn og Sunnfjord, datert mottatt i Fjaler kommune 26.03.2010.
- ❖ *Svar på søknad om spesialundervisning for vaksne.* Anonymisert vedtak Fjaler kommune, Bistand og Omsorg, datert 26.03.2010.
- ❖ *Individuell opplæringsplan (IOP) Vaksenopplæring Skuleåret 2012/2013 Vevang dagsenter.* Anonymisert IOP, datert 06.08.2012.



Skatt vest

Sm 14-13

Saksbehandlar
Frank Jønland

Dykkar dato

Vår dato
15.02.2013

Telefon
800 80 000

Dykkar referanse

Vår referanse
2012/159394

Kommunestyret i Fjaler kommune
Postboks 54
6961 Dale i Sunnfjord

Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Fjaler kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar", fastsett av Skattedirektoratet 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret sokjer gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 11. januar 2012.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkreving
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Postadresse
Skatt vest
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besoksadresse:
Sjå www.skatteetaten.no
skattvest@skatteetaten.no

Sentralbord
800 80 000



2. Skatteoppkrevjarfunksjonen si måloppnåing

2.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Fjaler kommune viser per 31. desember 2012 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 220 911 281 og uteståande restansar² på kr 3 222 214, av dette krav stilla på vent kr 0. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 14. januar 2013.

2.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2012 for skatteoppkrevjarkontoret for Fjaler kommune. Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (%)	Resultatkrav (%)	Innbetalt av sum krav (%) førre år	Innbetalt av sum krav (%) region
Restskatt personlege skattytarar 2010	6,01	97,75	94,70	94,16	94,45
Arbeidsgjevaravgift 2011	32,42	98,88	99,80	99,28	99,85
Forskotskatt personlege skatteytarar 2011	14,56	99,81	99,50	99,54	99,22
Forskotstrekk 2011	81,83	99,41	99,90	99,90	99,95
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2011	14,54	100,00	99,80	97,79	99,89
Restskatt upersonlege skattytarar 2010	5,35	94,37	98,50	98,10	98,41

2.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Fjaler kommune er tilslutta den interkommunale kontrollordninga i HAFS-regionen.

Resultatet for den kommunen per 31. desember 2012 viser følgjande³ :

Tal arbeids-gjevarar	Minstekrav (5%)	Tal utførte kontrollar 2012	Utført kontroll 2012 (%)	Utført kontroll 2011 (%)	Utført kontroll 2010 (%)	Utført kontroll 2012 i region (%)
126	6	5	4,0	5,5	3,4	4,3

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum åpne (ubetalte) forfalne debetkrav

³ Frå 2011 er rapporteringsordninga endra frå rapportering pr. kommune til interkommunal kontrollordning/kontroll samarbeid, der det er aktuelt.

2.4 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen etter skatteoppkrevjar sin resultatrapportering:

Tal årsverk 2012	Tal årsverk 2011	Tal årsverk 2010
1	1,1	1,1

3. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2012 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for området arbeidsgjevarkontroll. Siste stadlege kontroll vart halden 24. oktober 2012.

Skattekontoret har i 2012 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

4. Resultat av utført kontroll

- **Intern kontroll**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, har skattekontoret ikkje funne vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

- **Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvist uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

- **Skatte- og avgiftsinnkrevjinga**

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- **Arbeidsgjevarkontroll**

Basert på dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk, men vert ikkje utført i tilstrekkeleg omfang då det er utført 4% kontrollar mot eit krav på 5%.

5. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2012 gjeve pålegg og tilrådingar som skatteoppkrevjaren er gjort kjend med i brev av 8. november 2012

Venleg helsing


Arnljot von Mehren
avdelingsdirektor
Skatt vest


Jan Kåre Strøm
underdirektor

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Fjaler kommune
- Skatteoppkrevjaren for Fjaler kommune
- Riksrevisjonen


Referatsaker

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m. Kommunestyret	Møtedato 18.03.2013	Saksnr 016/13	Saksansvarleg INH
Arkivsaknr 13/221	Sakshands Inger Hovlandsdal	Arkiv KRON-	

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

18.03.2013 KOMMUNESTYRET
Handsaming i møtet:

Rådgjevar skule og drift Marit Hammer var med og svara på spørsmål om ordninga for arbeidslivsfag og tilsyn barnehagar.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KOM-016/13 VEDTAK:

Referatsakene vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	13/1199	I	12.02.2013	Sekom sekretariat	Vurdering av revisor si uavhengigheit, Kontrollutvalsak 003-13
2	13/1200	I	12.02.2013	Sekom sekretariat	Kontrollutvalsak 002-13 Skriv og meldinga SM 04-13 Rapport skatteoppkrevjaren i Fjaler
3	13/1360	I	15.02.201	Skatt vest	Kontrollrapport 2012 vedkomande

			3		skatteoppkrevjarfunksjonen
4	13/1196	I	12.02.2013	Helse Førde	Samhandlingsnytt februar 2013
5	13/1524	I	27.02.2013	KS	Vedrørende klage på vedtak frå DSB
6	13/1768	I	08.03.2013	KS	Vedr OVERGREPSMOTTAK melding til kommunane gjennom KS
7	13/1702	X	08.03.2013		Prosjektdirektiv - arbeid med innsparingar

012/13 ÅRSREKNESKAPEN 2012 - FJALER KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.05.2013.

Utvæl	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.05.2013	012/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Forslag til uttale frå kontrollutvalet i Fjaler kommune.
- Årsmelding. (Sendt frå adm.)
- Rekneskap 2012. (Sendt frå adm.)
- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2013.
-

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte uttale frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2012 for Fjaler kommune, datert 28.05.2013.

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

ÅRSREKNESKAPEN 2012 - FJALER KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2012 for Fjaler kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ein uttale til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til uttale ligg ved. Til grunn for uttalen ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Til
Kommunestyret i Fjaler

Dale i Sunnfjord 28.05.2013

FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2012 FOR FJALER KOMMUNE

Årsrekneskapen 2012 for Fjaler kommune er handsama i kontrollutvalet i Fjaler 28.05.2012.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen.
- Årsmeldinga frå rådmannen.
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2013.

Årsrekneskapen er avgjeven av administrasjonssjef. Rekneskapen viser eit positivt brutto driftsresultat på kr. 0,829 millionar, og eit positivt netto driftsresultat kr. 1,049 millionar. Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 1,791 mill.

KS si tilråding er at netto driftsresultat bør liggje på 3% av driftsinntektene for å sikre positiv økonomisk utvikling. Netto driftsresultat for Fjaler kommune er på 0,45% av driftsinntektene. Fjaler kommune sitt nettoresultat er såleis under det tilrådde målet.

Det er kommunestyret som er ansvarleg for å finne inndekking av underskotet og sjå til at dette skjer i samsvar med lovverket. Det vert vist til presisering i revisjonsmeldinga.

Revidert budsjett på inntektssida var kr. 215,681 mill. Rekneskapen viser kr. 233,053 mill. Det er særleg posten "Overføringar med krav til motytingar" som har stort avvik i høve til budsjett.

Revidert driftsbudsjettet på kostnadssida var kr. 210,547 mill. Rekneskapen viser kr. 232,224 mill. Postane "Lønsutgifter" og "Overføringar" har dei største avvika.

Revidert budsjett for eksterne finanstransaksjonar var kr 8,670 mill. Rekneskapen viser kr. 7,455 mill.

Netto driftsresultat er kr. 2,361 dårlegare enn budsjettet.

Av årsrekneskapen går det fram at einingane samla har lite avvik i høve til justert budsjett. Avvika i dei største einingane er relativt små. Vi viser til årsmeldinga side 10 for detaljar.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Investeringsrekneskapen er avslutta med eit udekka meirforbruk på kr. 1,144 mill. Det må finnast budsjettdekning for dette beløpet. Det vert vist til presisering i revisjonsmeldinga. Det vert også vist til årsmeldinga side 14.

Gjeldsgrada til kommunen har auka frå 83,4% i 2011 til 86,9% i 2012. Samla lånegjeld utgjer 31.12.2012 kr. 165,970 millionar mot kr. 156,682 millionar 31.12.2011. Dette er ein auke på kr. 9,3 millionar. Av årsmeldinga side 17 går det fram at den langsiktige gjelda totalt har auka med kr. 44,6 mill i høve til 2011, og at 29,3 mill av dette er auke i pensjonsforpliktingane. Av årsmeldinga går det også fram at totalt disponerte ubrukte lånemidlar er auka. Det vert vidare kommentert av rådmannen at saldoen på ubrukte lånemidlar er for høg, og at dette fortel at ein framleis har ein del prosjekt som er vedtekne men ikkje sett i gang eller ferdigstilte. Med dagens rentenivå har ikkje kommunen problem med å handtere lånegjelda.

Likviditeten synest å vere på eit tilfredsstillande nivå. Jfr. balansen.

Vi viser til årsmeldinga frå administrasjonen. Denne synest å forklare rekneskapen på ein god måte.

Vi viser til revisjonsmeldinga. Revisor har to presiseringar i revisjonsmeldinga.

Med presiseringane som revisor har gjort, meiner kontrollutvalet at rekneskapen for Fjaler kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Magne Norddal
-leiar-

Anny Mari Holm Solheim
-nestleiar-

Geir Tessem

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM –sekretariat
Postboks 338

6802 Førde

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Brev 13//ame

Arkivkode:

212

Journalnr.:

2013/0013

Dokumentdato:

7.5.2013

Vi sender med dette over til dykk revisjonsmelding 2012 for Fjaler kommune, til vidare handsaming. Vi reknar med at årsrekneskap og årsmelding, vert sendt direkte frå Fjaler kommune.

Med helsing
KRYSS REVISJON



Aud Marit Nyland Eide
kommunerevisor I

Fjaler kommune
Kommunestyret v/ordførar

6961 Dale

Dykkar ref.:
Rekn311212

Vår ref.:
Revmeld 2012/ame

Arkivkode:
212

Journalnr.:
2013/0012

Dokumentdato:
15. april 2013

REVISJONSMELDING 2012

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Fjaler kommune for 2012. Rekneskapen er samansett av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter, noteopplysningar og beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta for rekneskapsåret, avslutta pr. 31. desember 2012. Driftsrekneskapen syner eit positivt netto driftsresultat på kr 1.049.433,04 og eit rekneskapsmessig meirforbruk (underskot) på kr. 1.790.773,94. Investeringsrekneskapen er avslutta med eit meirforbruk (underskot) på kr. 1.143.858,60.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk, og for slik intern kontroll som administrasjonssjefen finn nødvendig for å gjere det mogeleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av mislegheit eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

På grunnlag av vårt revisjonsarbeid er vår oppgåve å gje uttrykk for ei meining om årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna *International Standards on Auditing*. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast mislegheit eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for våre konklusjonar.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Fjaler kommune pr. 31. desember 2012 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

Utale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen i vesentleg grad stemmer med regulert budsjett.

Vi syner til tabell med oversyn over avvik på dei ulike einingane. Det er gjort greie for dei største avvika i årsmeldinga.

Vi minner om Lov om kommunar og fylkeskommunar §§ 46 og 47, som omhandlar årsbudsjettet sitt innhald og bindande verknad.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er i samsvar med årsrekneskapen og for øvrig i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk og god bokføringsskikk.

Utan at det har verknad for våre konklusjonar ovanfor, vil vi komme med fylgjande presiseringar:

Investeringsrekneskapen for 2012, er gjort opp med manglande finansiering på kr. 1.143.858,60,- som kommunestyret må finne dekning for.

Kommunestyret må gjere vedtak om inndekking av meirforbruk i driftsrekneskapen for 2012 med kr. 1.790.773,94.

Hyllestad, 15.04.2013

Kommunerevisjonen
Fjaler og Sunnfjord
Postboks 17, 6801 Førde
Terje Førde
revisjonssjef

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Aud Marit Nyland Eide
Aud Marit Nyland Eide
kommunerevisor I

013/13 REKNESKAP 2012 - DINGEMOEN IDRETTSPARK DRIFTSSKAP

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 23.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	28.05.2013	013/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Årsrekneskapen 2012 m/notar.
- Årsmelding 2012.
- Revisjonsmelding frå KRYSS- Revisjon datert 24.04.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Det vert vist til revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 24.04.2013.
- Kontrollutvalet vurerer det slik at årsrekneskapen 2012 bør godkjennast slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL REKNESKAPEN:

Saksutgreiing

REKNESKAP 2012 - DINGEMOEN IDRETTSPARK DRIFTSELSESKAP

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og handsaming av årsrekneskapen 2012 for Dingemoen Idrettspark Driftsselskap.

Saksopplysningar:

Årsrekneskapen m/notar og årsmelding for Dingemoen Idrettspark Driftsselskap er avlevert av styret. Årsmeldinga er datert 17.03.2013 og rekneskapen er datert 09.03.2013. Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon er datert 24.04..2013.

Rekneskapen syner eit overskot på kr. 152.396,-. Driftsselskapet vil i årsmeldinga innstille på å disponere overskotet som fylgjer: 50.000,- blir overført til Dale IL, og kr. 102.396 blir verande i driftsselskapet som styrking av eigenkapitalen i selskapet.

Sekretariat gjer merksam på at i alle rekneskapssaker er det formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding ligg føre og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

Revisor har ikkje presiseringar til rekneskapen. Det vert vist til revisjonsmeldinga.

Revisor vil vere til stades under handsaming av saka i kontrollutvalet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet meiner at kontrollutvalet ikkje bør ha merknader til rekneskapen slik han ligg føre.

Driftsselskapet for Dingemoen Idrettspark
v/Vidar Samuelsen

6963 Dale

Dykkar ref.: Rekneskap 2012	Vår ref.: Brev11/ame	Arkivkode : 212	Journalnr. : 2013/0011	Dokumentdato: 24.04.2013
--------------------------------	-------------------------	--------------------	---------------------------	-----------------------------

REVISJONSMELDING 2012

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for driftsselskapet Dingemoen Idrettspark, som består av balanse pr. 31.12.2012 og resultatrekneskap som syner eit positivt driftsresultat på kr 152.396,- etter finansutgifter og finansinntekter. Det føreligg også noteopplysningar. Overskot 2012 på kr. 152.396,- er overført driftsselskapet sin eigenkapital.

Driftsselskapet Dingemoen Idrettspark sitt ansvar for årsrekneskapen

Driftsselskapet Dingemoen Idrettspark er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som driftsselskapet finn naudsynt for å gjere det mogeleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon.

Ein revisjon inneheld utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentlig feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for driftsselskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av driftsselskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp

er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata utarbeida av leiinga er rimelige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon:

Etter vår meining er årsrekneskapen lagt fram i samsvar med lov og forskrift og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til driftsselskapet Dingemoen Idrettspark pr 31.desember 2012, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god rekneskapsskikk.

Uttale om andre forhold

Årsmelding

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er i samsvar med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen som beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningane sine i samsvar med lov og god rekneskapsskikk.

Hyllestad, 24.04.2013


Aud Marit Nyland Eide
kommunerevisor I

Fjalerhallen Driftsselskapet


Resultatrekneskap


NOTER	Driftsinntekter og driftskostnader	2012	2011
	Leieinntekter	517 034	531 534
	Reklame og sponsorinntekter	21 000	26 000
	Tilskot	444 906	439 448
	Sum driftsinntekter	982 940	996 982
1, 4	Lønskostnad	100 268	93 505
	Administrasjonskostnader	54 966	39 954
	Annan driftskostnad	676 264	812 943
	Sum driftskostnader	831 498	946 402
	Driftsresultat	151 442	50 580
	Finansinntekter og finanskostnader		
	Anna renteinntekt	2 002	3 155
	Annan rentekostnad	0	2 002
	Annan finanskostnad	1 048	981
	Netto finansresultat	954	172
	Resultat før skattekostnad	152 396	50 752
	ARSRESULTAT	152 396	50 752
	OVERFØRINGAR		
2	Overført Dale Idrettslag	0	25 000
2	Overføring annan eigenkapital	152 396	25 752
	Sum overføringer	152 396	50 752


Fjalerhallen Driftsselskapet
Balanse pr. 31. desember


NOTER	EIGEDLAR	2012	2011
	Omløpsmiddel		
	Varelager	<u>500</u>	<u>500</u>
	Krav		
	Kundekrav	<u>610 942</u>	<u>358 608</u>
	Sum krav	<u>610 942</u>	<u>358 608</u>
	Bankinnskott, kontanter og liknande	<u>38 171</u>	<u>75 392</u>
	Sum omløpsmiddel	<u>649 613</u>	<u>434 500</u>
	SUM EIGEDLAR	<u>649 613</u>	<u>434 500</u>
	EIGENKAPITAL OG GJELD		
	Eigenkapital		
	Opptent egenkapital		
2	Annan egenkapital	<u>567 983</u>	<u>415 588</u>
	Sum opptent egenkapital	<u>567 983</u>	<u>415 588</u>
	Sum egenkapital	<u>567 983</u>	<u>415 588</u>
	Gjeld		
	Kortsiktig gjeld		
	Leverandørgjeld	<u>27 833</u>	<u>663</u>
	Skuldige offentlige avgifter	<u>7 495</u>	<u>7 174</u>
	Annan kortsiktig gjeld	<u>46 301</u>	<u>11 075</u>
	Sum kortsiktig gjeld	<u>81 630</u>	<u>18 912</u>
	Sum gjeld	<u>81 630</u>	<u>18 912</u>
	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	<u>649 613</u>	<u>434 500</u>


Date, 09.03.2013


 Vidar Samuelsen
 Styreleder


 Alf Magne Salbu
 styremedlem


 Anita Nyland Skaar
 styremedlem


 Marit Øien
 styremedlem


 Frank Vik
 styremedlem

Fjalerhallen - Driftsselskapet

Notar til rekneskap 2012

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa beskrivast nedanfor:

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld.

Verksemda sine eigedelar og gjeld består av omløpsmidlar og kortsiktig gjeld.

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eit år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriteriar lagt til grunn.

Anleggsmidlar vurderst til kostpris, men nedskrivast til verkeleg verdi når verdifallet ventast å ikkje vere forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid avskrivast planmessig.

Omløpsmidlar vurderast til lavaste av kostpris og verkeleg verdi.

For tida er det ingen anleggsmidlar i selskapet.

Note 1 – Tal tilsette, godtgjerdslar, lån til tilsette m.m.

Ytingar til leiande personar	Løn	Sum
Dagleg leiar	108 836	104 234
Styret (utbetalt i 2013)	10 000	10 000
Lønskostnad	2012	2011
Løn	109 491	113 376
Arbeidsgjevaravgift	11 606	12 018
Refusjon lønskostn. frå Dale IL	-31 889	-31 889
Periodisert styrehonorar inkl. arb.g.avg.	11 060	
Sum	100 268	93 505

Ca. 25 % av lønskostnad dagleg leiar vert refundert frå Dale Idrettslag.

Note 2 – Eigenkapital.

Eigenkapital 01.01.:	415 588	389 836
Overskot	152 396	50 752
Overført til Dale Idrettslag		-25 000
Eigenkapital 31.12.:	567 984	415 588

Fjalerhallen - Driftsselskapet

Note 3 – Varige driftsmidler

	Traktor
Anskaffelseskost 1.1.	430.032.-
Avgang i året	0.-
Tilgang i året	0.-
Anskaffelseskost 31.12.	430.032.-
Samla ordinære avskrivningar	430.032.-
Bokført verdi 31.12	0.-
Ordinær avskrivning i året	0.-

Revisor

Det er kostnadsført revisjonshonorar i året for 2012, med kr 8.000.-.

Note 4 – Obligatorisk Tenestepensjon

Verksemda er ikkje pliktig å ha obligatorisk tenestepensjon, og har det heller ikkje.

ÅRSMELDING 2012
DRIFTSSKAPET FOR DINGEMOEN IDRETTSPARK
Foretaksregisteret : NO 958 588 569

Styret har vore samansatt slik:

Vidar Samuelson
Marit Øen
Alf-Magne Salbu
Anita Nyland Skaar
Frank Vik

leiar, Dale IL
nestleiar, Dale IL
Dale IL
Fjaler kommune
Fjaler kommune

Styret har hatt 1 styremøte, for øvrig så har vi brukt tlf og e-post for å løyse ting som oppstår fortløpande.

Leier for Driftsselskapet sitter også i prosjektgruppa for utbygging av Fjalerhallen. Alf-Magne Salbu har vore vara for leiar og møtt på fleire av møta som byggenemda har haldne.

Aktivitet og økonomi.

- Driftsselskapet hadde i 2012 driftsinntekter på kr.982.940,- og driftskostnader på kr. 831.498,- . Det gjer oss eit driftsresultat på kr.151.442,-. Vi hadde 954,- kr i finansresultat og dette gjer oss samla eit årsoverskot på kr.152.396,-.
- Styret for Driftsselskapet vil innstille på og disponere overskotet for 2012 som fylgjer : kr.50.000,- blir overført til Dale IL, og kr.102.396,- blir verande i driftsselskapet som styrking av eigenkapitalen i selskapet, og til bruk ved ny-investeringar i samband med nytt tilbygg.
- Brukarane av hallen på dagtid er Dale vidaregåande skule og Fjaler ungdomsskule.
- Medlemmer av Dale IL brukar hallen og bana ettermiddag og kveld 5 dagar i veka.
- Sykkelgruppa har ansvar for vedlikehald av spinning-syklane og aktiviteten i spinningrommet er veldig høg.
- I vinterhalvåret har det vore avvikla handballkampar nesten kvar einaste helg i hallen. Dette har vore i regi anten av handballkrinsen, Dale IL eller Gaular IL. Fotballgruppa har også arrangert enkelte samlingar i hallen i helgane.
- Volleyballgruppa har også vore aktiv i 2012, og har trent og spelt fleire kampar i hallen.
- 17. mai vart arrangert i hallen også i år.
- Sogn & Fjordane Teater har leigd hallen til ulike framsyningar også i 2012.
- Utbyggingsplanen for Fjalerhallen vart godkjent og bygging er påbegynt, og vil stå ferdig til 1.september 2013
- Rekneskapen er ført av Hope Rekneskapskontor as v/Ole Anders Hope. Dei har tatt seg av billagshandtering, utsending av rekningar, kontakt med banken og utarbeiding av halvårsoversikt. Dette er ein svært god ordning, og ein forutsetning for økonomisk styring.
- Aktiviteten i hallen er framleis på eit svært høgt nivå når ein tenker på utnyttelsesgrad. Der er drift i hallen frå tidleg morgon til sein kveld kvar einaste dag året rundt, unntatt i sommerferien.

Bygningsmessig drift.

- Ole Hugøy er vaktmestar. Dale IL blir belasta 25% av lønskostnadane. Han arbeider som vaktmester i Driftsselskapet etter eigen instruks, og har ansvar for dagleg drift, kontakt med brukarane og forefallande vedlikehald. Arne Johnny Kirketeig har også i 2012 vore ansvarleg for vask og reinhald i hallen. Reinhaldet har vore godt utført. Vask utan om planen vert godtgjort etter rekning.
- Vi vil bemerke at vi er særst godt nøgde med måten både Kirketeig og Hugøy utfører sine oppgåvar i hallen. Dei er engasjerte og veldig positiv til aktiviteten som drivast i hallen, og gjer sitt yttarste for at brukarane skal ha ein god plass å drive idrett på.

Drift av anlegga.

- I vår- og haustsesongen har frivillege vore vakt i hallen på ettermiddag- og kveldstid. Dette har fungert bra i 2012 og har bidratt til og gjere det mogleg å halde hallen open for aktivitet kvar vekedag. Men styret for Idrettsparken saknar medlemslistar frå Dale IL til bruk ved oppsetting av nye vaktlistar for kvar sesong.
- Vi har også blitt oppfordra av brukarane om å forlenge periodene med tilsyn i hallen. Dette vil vi prøve å få til, forslag er tilsyn frå 1. september til 1 mai.
- Utsesongen med avvikling av fotballkamper heile veka igjennom har i 2012 gått på ein særst utmerka måte. Minimalt med kampkollisjonar og omrokering av kampar. Dette må vi takke representantar for Fotballgruppa for, som i forkant av sesongen gjer eit godt arbeid opp mot krinsen for å planlegge gjennomføringa av alle kampane i sesongen. Vi brukar fortsatt banedagboka som har vore eit godt hjelpemiddel heile sesongen i gjernom.

Arbeidsmiljø:


Arbeidsmiljøet ved bedrifta er tilfredsstillande. Der er tilsett 1 person på deltid. Verksemda har ikkje vore roka av personskadar eller ulykker av noko slag.

Ytre miljø:


Det er ikkje forhold knytt til verksemda, innsatsfaktorar eller produkt som påverkar det ytre miljø i vesentleg grad.

Styret for Driftsselskapet for Dingemoen Idrettspark vil takke alle som bidratt til at vi også i 201 har kunne drive og halde ope anlegga, til beste for alle våre brukare.

Dale, 17.03.2012


Vidar Samuelson

Alf-Magne Salbu


Alf-Magne Salbu

Marit Øen



Frank Vik


Frank Vik


Anita Nyland Skaar

014/13 VAL AV EINING TIL ORIENTERING I KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.05.2013	014/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalsak 023/09 «Kontrollutvalsarbeid – tiltak»
- kontrollutvalssak 008/13 «Oppfølgingsliste 1-2013»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Rådmannen vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om.....

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

VAL AV EINING TIL ORIENTERING I KONTROLLUTVALET

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebo

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet vel eining som skal kallast inn for å gje ei orientering i kontrollutvalet på neste møte i september.

Saksopplysningar:

I kontrollutvalssak 23/09 "Kontrollutvalsarbeid – tiltak" 06.11.2009 vart det bl.a. gjort vedtak om å innføre ordning med å kalle inn rådmannen for å få orientering om drifta på dei ulike områda i kommunen.

I kontrollutvalssak 008/13 "Oppfølgingsliste 1-2013" den 12.02.2013 gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- *"Kontrollutvalet skal i neste møte diskutere kva eining dei skal kalle inn til orientering i møtet i september."*

Sist kontrollutvalet kalla inn administrasjonen for å gje ei orientering, var det teknisk sektor som gav ei orientering i november 2012.

015/13 UTFORMING AV TINGIG - FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – RUTINAR RUNDT SJUKEFRÅVÆR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 23.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.05.2013	015/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg.

- E-post frå SEKOM-sekretariat til KRYSS-revisjon - «Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren, den 14. mai 2013.
- E-post frå KRYSS-revisjon til SEKOM-sekretariat – «Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Sjølvkostberekningar på VAR-sektoren, den 14. mai 2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommuneleva.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Sekretariatet tilrår at saka vert utsett til neste møte.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

UTFORMING AV TINGIG - FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – RUTINAR RUNDT SJUKEFRÅVÆR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Tinging av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt i Fjaler kommune

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte den 12.02.2013 i sak 005/13 Forvaltningsrevisjon – val av prosjekt vart det gjort følgjande vedtak:

- *Kontrollutvalet startar opp arbeid med prosjektet: "Rutinar kring sjukefråvær» SEKOM-sekretariat utformar tinging av prosjektet som vert handsama på neste møte.*

I samtale med leiar i kontrollutvalet vart det føreslått at tinging av nytt prosjekt vert utsett til neste møte, då forvaltningsrevisjonsprosjektet «Sjølvkostberekningar VAR-sektoren» som er i bestilling, ikkje er levert.

Sekretariatet sine vurderingar

Øvrebø Vidar

Fra: Litsheim Charles
Sendt: 14. mai 2013 13:25
Til: Øvrebø Vidar
Emne: SV: Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Sjølvkostberekningar VAR-sektoren» i Fjaler

God ettermiddag.

Syner til din e-post ang status for forvaltningsrevisjonsprosjektet Sjølvkostberekningar VAR-sektoren i Fjaler kommune.

Kan opplyse om at eg i dag, den 14.mai sender vårt høyringsutkast til faktaverifikasjon hjå rådmannen i Fjaler kommune. Vi gjev han 14 dagars frist med å komme med attendemelding på vår høyring.

Om det ikkje er merknader av ein slik art at vi må gjere store omskrivingar i prosjektet, bør det kunne vere sekretariatet i hende om 3 veker.

Med beste helsing

 Charles Litsheim
Rev.sjef forvaltning
mob: 91333046
e-post: Charles.litsheim@kryssrevisjon.no
.

Fra: Øvrebø Vidar
Sendt: 14. mai 2013 09:59
Til: Litsheim Charles
Kopi: Tveit Asgeir
Emne: Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Sjølvkostberekningar VAR-sektoren» i Fjaler

Charles,

I Kontrollutvalsmøte i Fjaler den 12.02.2013 i sak 008/13 «Oppfølgingsliste 1-2013 Fjaler», vart det gjort følgjande vedtak:

Kontrollutvalet ber om tilbakemelding på kva tid rapport for forvaltningsrevisjonsprosjekt «Sjølvkostberekningar /AR-sektoren» vert levert.

Kan du gi ein status for dette forvaltningsrevisjonsprosjektet?

Med helsing

Vidar Øvrebø
Dagleg leiar

SEKOM-sekretariat

Mobil: +47 95139762
vidar.ovrebo@sekom.no

SEKOM Sekretariat
Hafstadvegen 21
P.O. Box 338

016/13 OPPFØLGINGSLISTE 2-2013

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	28.05.2013	016/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 2-2013 Fjaler.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 2-2013 Fjaler vert teken til vitande

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 2-2013

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 13. mai 2013.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 2-2013 - Fjaler.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Fjaler kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
23/09 Kontrollutvals-arbeid - tiltak	06.11.09		06.11.09 Vedtak KU – Setje i verk tiltak 06.11.09 Brev til Fjaler kommune - Orientering frå adm -tilsynsrapportar frå fylkesmannen -tertialrapportar -rapportar sjukefråvær -orientering frå revisor -kvalitetsrapportar vedr revisor.
020/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – sjølvkostberekningar – VAR sektoren – tinging.	16.11.11		16.11.11 Vedtak KU: Tinginga for prosjektet "Sjølvkostberekningar – VAR-sektoren" vert godkjent. - Tingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. - KRYSS-revisjon vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga. 17.11.11 Tinging sendt over til KRYSS-revisjon.
018/12 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjekt – Kontroll av økonomistyringa – inntektsida	17.09.12		17.09.12 Vedtak KU: - Administrasjonen har effektivert merknadane kommunestyret hadde til forvaltningsrevisjonsrapporten «Kontroll av økonomistyringa – inntektsida». - Saka vert sendt kommunestyret til orientering. 17.09.12 s. kst 01.10.12 Referat sak i kst.
023/12 Oppfølging av fv prsj Sjølvkostberekningar VAR sektoren	17.09.12		17.09.12 – Vedtak KU - - Kontrollutvalet ber Sekom sekretariat hente inn status i arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet Sjølvkostberekningar VAR-sektoren. 17.09.12 E-post til KRYSS 18.09.12 Svar frå Kryss 29.11.12 Prosjektplan lagt fram som SM 23-12. 12.02.13 E-post til KRYSS 12.02.13 Svar frå KRYSS 12.05.13 E-post til KRYSS 12.05.13 Svar frå KRYSS
001/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: Ingen merknadar..
002/13 Skriv og meldingar.	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: - Kontrollutvalet visert til pkt. 4.4 i Årsrapport for 2012 frå Skatteoppkrevjaren i

			Fjaler og merkar seg Skatteoppkrevjaren si grunngeving for manglande utførte kontrollar. - Saka vert å sende kommunestyret til orientering. - Resterande skriv og meldingar vert tekne til vitande. 12.02.13 Sendt til kst. til orientering. 18.03.13 Referat sak i kst.
003/13 Vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: Kontrollutvalet tek eigenvurderingane til oppdragsansvarleg revisor for Fjaler kommune til orientering. 12.02.13 Sendt til kst. til orientering. 18.03.13 Referat sak i kst.
004/13 Vurdering av formalitetar i framlagt årsrekneskap 2011 for Dingemoen idrettspark.	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: Kontrollutvalet vurderer det slik at årsrekneskapen 2011 for Dingemoen idrettspark var formelt korrekt framlagt.
005/13 Forvaltningsrevisjon – Val av prosjekt.	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: Kontrollutvalet startar opp arbeid med prosjektet: "Rutinar kring sjukefråvær» SEKOM-sekretariat utformar tinging av prosjektet som vert handsama på neste møte.
006/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Fjaler	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Fjaler kommune vert godkjent. 12.02.13 Sendt til kst. 18.03.13 Godkjent i kst.
007/13 Møteplan for kontrollutvalet i Fjaler 2013	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: Møteplan for kontrollutvalet i Fjaler for 2013 vert godkjent.
008/13 Oppfølgingsliste 1-2013	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: - Kontrollutvalet ber om tilbakemelding på kva tid rapport for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Sjølvkostberekningar VAR-sektoren" vert levert. - Kontrollutvalet skal i neste møte diskutere kva eining dei skal kalle inn til orientering i møtet i september.
009/13 Eventuelt	12.02.13		12.02.13 Vedtak i KU: - Kontrollutvalet ber om å få tilsendt programmert for FKT-konferansen på Gardermoen 5. og 6. juni 2013. Kontrollutvalet går over til å motta møteinnkalling og sakspapir til møta på Ipad frå og med neste møte i kontrollutvalet.
			-

Oppdatert 13.05.2013.

017/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	28.05.2013	017/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.